

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

VIII. INNSKRIFTER UTAN SPRÅKLEG MEINING.

a. Lengre innskrifter

[**869**] N-38150. (Tidlegare omtala: Hagland 1990b: [42]; 1994c: 259 og 265; Hagland og Lorentzen 1997: 72.)

Innskrifta står på eit kjevle av tre, avbrote i bae endar. Den bevarte delen er 145 mm lang, 14-16 mm brei og 9 mm tjukk. Funnet vart gjort i 1976, felt FL, hovudfase 4. Det vil seia at funnkonteksten kan daterast til andre halvdel av 1000-talet. Det er runer på to sider av gjenstanden. Innskrifta på side a er 131 mm lang og runene 14-11 mm høge. På side b er ho 127 mm lang og runene også der 14-11 mm høge.

I fremre brotkant på side a ser toppen av ein stav ut til å vera bevart før første sikre rune (r. 2, **i**). R. 4 (**r**) har open boge. I så måte skil runa seg frå tilsvarande r. 14 og 16 og r. 5 på side b, der lukka boge står for seg sjølv på staven med eit mellomrom ned til kvisten som også står heilt inn til staven. Mellom r. 4 og 5 er det eit topunkts ordskilje, sameleis mellom r. 8 og 9, 15 og 16, og mellom r. 1 og 8 og 9 på side b. R. 6 har to parallelle kvistar ned til høgde om lag midt på staven. Teiknet er av den grunn transkribert som _ heller enn som **o**. Det same gjeld då r. 4, 10 og 15 på side b. R. 12 på side a har ein liten sidestrek frå bogen og innover ned til venstre til grunnlina. Det er uvisst om dette er gjort som ein medviten del av innskrifta. R. 14 (**b**) har nokså skarpt vinkla boge. R. 16 har boge frå toppen med tangering av staven i nedkanten. Kvist går ned til høgde frå same punkt som bogen når inn til staven. Nedre del av denne kvisten bøyer tydeleg inn mot staven, men tangerer ikkje. Runa skil seg såleis tydeleg ut frå r. 17 som utvetydig må oppfattast som **r**. Det vil såleis vera mest rimeleg å sjå r. 16 her som **b**.

På side b er det berre bevart stav av r. 1. Runa står nesten i brotkanten og overflata på treet mellom stav og brotkant er skadd slik at eventuelle kvistar til venstre vil vera borte. Etter r. 15, heilt til slutt på denne sida, er det bevart restar av ein stav.

---]? I R : 1 1 1 : 1 * 1 1 1 R : B R 1 1 1 [---

a) ---]? **i f r : l ä t a : a h t u a p r : b r y p n** [---

---]l(?): ʃ | ʃ R 1 | ʃ : | ʃ * | ʃ ʃ ? [---

b) ---]i(?): **f i ä r t i f : i ä h a n k ä ?** [---

R. 6 på side a og r. 4, 10 og 15 på side b kunne alternativt transkriberast som binderune **nn**. Heller ikkje det ville her gi grunnlag for språkleg meining. Den bodskapen som eventuelt måtte ha vore rissa inn på dette viset, synest såleis løynd for oss i dag.